



**SIM**

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

**1/2006**

Mars 2006 Årgang 13



## Rett frå dunken

### Kompost og plenblanding til sals

Kompost og plenblanding til hagen får du kjøpt på miljøsentralane til SIM. Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder tek me kr. 300 per tonn.

Plenblandinga er halvt om halvt med kompost og sand. Fråa kan såast direkte i blandinga.

### Nye prisar på miljøsentralane frå 1. mai

1. mai vert det nye prisar for innlevering av avfall på miljøsentralane. For mengder opptil 500 liter (om lag det du får oppi fem bossekker) vil prisen vera 100 kroner. For større mengder kostar det 200 kroner.

Dersom du ynskjer det, kan du også betala etter vekta på avfallet. Då reknar me ein kilopris.



- Bildekk skal ikkje kastast i naturen, er meldinga frå kunderettleiar Olaf Skram til elevane frå Fitjar vidaregåande skule, som var på omvising i Svartasmøget mandag 27. mars.

## Nye opningstider på miljøsentralane

**SIM sine miljøsentralar har fått nye opningstider. Den viktigaste endringa er at sentralane vil vera opne annankvar laurdag i perioden frå april til september.**

Nøyaktige opningstider for samtlege seks miljøsentralar finn du på baksida av dette SIM-nytt, og på tømekalendaren som du fekk i posten før jul. Merk at miljøsentralane er stengde påskeaftan.

- Endringane er resultat av ynskje frå publikum, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund.

Han viser til SIM si brukarundersøking i 2005, der 4 av 10 svara at dei ynskte meir tilpassa opningstider. I og med endringane har også hyttekundane fått eit betre tilbod. Dei kan levera bos på miljøsentralane annankvar laurdag heile sommarhalvåret.



## Kontakt oss kjapt ved manglende tøming

Dersom bosdunken din av ein eller annan grunn ikkje er vorten tømt, er det viktig at du melder frå om dette til SIM Transport (tlf. 53 45 66 00) så snart som råd er. Det er lettare å ordna ekstra tøming når bosbilen er i det aktuelle området enn når den er i gang med ei anna tømerute.

## Sikra avfallet forsvarleg ved transport

Det skulle vera unødvendig å minna om det, men likevel: Sjåføren har ansvar for at avfallet som skal til miljøsentralen er forsvarleg sikra på tilhengjaren. Alt for ofte vert bos liggjande langs vegen som følgje av dårlig sikra last. Trafikkfarleg er det, òg.

## Dra dunken heim

Innimekk mottek SIM klager på at bosdunkar vert ståande på hentestaden etter tøming, til irritasjon for naboor og andre. Hugs at det er kvar abonnent sitt ansvar å få dunken heim etter tøming.

## Ikkje overfyll bosdunkane

For å unngå sòl og hygieniske ulemper, skal ikkje bosdunken fyllast meir enn at loket kan lukkast tett til, evt. at "muleband" kan knytast. Avfallet må heller ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. Dette er abonneten sitt ansvar.

# Farleg avfall skal leverast inn

- Eg prøver å vera miljøbevisst. Farleg avfall kastar eg aldri i naturen, det vågar eg ikkje, seier Lynn Tveitnes, brukar av miljøstasjonen i Svartasmøget.

Slik er det ikkje med alle. Nær 10% av alt farleg avfall som vert produsert her i landet, hamnar i naturen, endå alle som produserer farleg avfall har plikt til å levera det til innsamlar eller godkjent mottak. Avfall som kjem på avvegar er til stor skade for menneske, dyr og miljø.

### Døme på farleg avfall

- Spillolje
- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

### Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrør, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesko

- Det viktigaste kvar og ein av oss kan gjera, er å kjøpa mindre mengder av farlege stoff. Av og til er det likevel naudsynt å bruka gift. Då er det viktig å lesa brukarrettleininga godt og å levera restane til lovleg mottak, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.

Alt farleg avfall kan leverast til miljøstasjonen i din kommune. Privatpersonar leverer gratis, men må betala for PCB-vindauge og store mengder trykkimpregnert materiale. Verksemder som genererer meir enn 1 kg farleg avfall i året, pliktar å levera dette til lovleg mottak. Avfallet skal deklarerast på eige skjema godkjent av SFT.



Lynn Tveitnes leverte både målings- og lakkestar på miljøstasjonen i Svartasmøget.



## Slik gjer du

Det farlege avfallet samlar du opp i den rauda plastdunken som alle abonnementar har fått utdelt. Avfallet leverer du til miljøsentralen. Det er gratis for privatpersonar å levera.



Dersom du ikkje lenger har den rauda plastboksen, kan du få ny ved å kontakta SIM, tlf. 53 45 78 50.

## Trykkimpregnert materiale

Det er stor sjanse for at terassebord, gammal huskleddning, hagemøblar og gjerdestolpar er impregnerte med krom, kopar og arsen. Slike byggprodukt skal leverast på miljøsentralen. Krom, kopar og arsen kan skada indre organ og føra til kreft.

Førebelts vert slikt trevirke sendt til Sverige, der det vert brent ved høg temperatur. Energien vert utnytta ved forbrenninga.

## PCB-haldige vindauge

Isolerglasvindauge som er produserte i perioden mellom 1965 og 1975 inneheld PCB og må leverast med karm på miljøsentralen. Produksjonsåret for vindauge dine kan lesast i vindaugeskarmen.

PCB er mellom dei farlegaste miljøgiftene me har. Små mengder kan føra til kreft og forsterskader og gje redusert fruktbarheit.

## EE-avfall

Elektroniske artiklar og kvitevarer som du ikkje lenger brukar, leverer du til ein butikk som sel denne typen produkt, eller til miljøsentralen.

I EE-avfallet er det kvikksølv og bly. Kvikksoolv skadar nervesystem og arreststoff og kan føra til misdanninger hjå born. Bly kan føra til hjernekadar, skadar på nervesystemet, nyre- og leverskadar og gje redusert sædkvalitet.



## Bruk mindre av farlege stoff

Det aller viktigaste kvar og ein av oss kan gjera for å få ned mengda av farlege stoff, er rett og slett å bruka mindre av dei.

I staden for å bruka luseknekkar, kan du dusja blomane med grønsåpevatn. Og har du fått måling på hendene, kan du fjerna det med smør i staden for white spirit. Ugras kan fjernast ved å bruka spade, eller ved å strø grovsalt.

Må du likevel bruka giftstoff, er det viktig å følgja brukarrettleiinga. Restane skal leverast til eit lovleg mottak.

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartaskoget  
N-5419 Fitjar



## Avtale om ryddedugnad våren 2006

Velforeiningar, burettslag og andre som arrangerer ryddedugnad i buområdet sitt våren 2006, kan gratis levera avfallet til SIM i løpet av vekene 14-19.

Vilkåret er at ein har inngått ryddeavtale med SIM. Det får ein ved å fylla ut skjemaet nedanfor og senda det til SIM, Svartaskoget, N-5419 Fitjar. Avfallet må leverast i spesielle sekker. Desse får ein tilsendt så snart SIM har motteke det utfylte skjemaet. Det er også mogeleg å mælda seg på ryddedugnaden via [www.sim.as](http://www.sim.as).

### RYDDEAVTALE

Område som skal ryddast:

Namn på velforeining/burettslag:

Tal sekker som trengst:

Kvar skal boset hentast:

Ansvarleg kontaktperson:	Namn:	
	Gate:	
	Postnr.:	Poststad:
	Telefon på dagtid:	
	E-post:	
Godkjent av SIM	Dato:	Signatur:

### Vilkår:

Sekkene må plasserast ved avtalt hentested på vanleg hentedag for restavfall (sjå tømekalenderen). Det er også mogeleg å levera sekkene til miljøsentralen. Hugs i så fall å ta med kopi av avtale-skjemaet.

SIM kan berre ta med avfall som det er plass til i bossekken. Grov-

avfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall må leverast til miljøsentralen til vanlege vilkår.

Det kan ikkje lagast gratis rydde-avtale for område som kommunen, næringsdrivande, vegstellet eller arrangørar har eige ryddeansvar for.

SIM kan vera med og diskutera løysingar for skular, barnehagar og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet. Gratislevering kan me berre tilby velforeiningar og burettslag som ryddar i buområdet sitt, avdi desse kjem inn under den kommunale renovasjonsordninga (hushaldsavfall).



### Opningstider Miljøsentralane

#### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5...) kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

#### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5...) kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

#### Fitjar og Stord, Svartaskoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag kl. 09.00 – 14.00 (partalsveker: 2,4,6...) I perioden april til september torsdag kl. 08.00–18.00. Pinseaftan stengt.

#### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker:2,4,6...) kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.

#### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker:1,3,5,...) kl. 09.00–14.00. Påskeaftan stengt.

#### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker:2,4,6,...) kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartaskoget,  
N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as

**SIM**